



Kaizers spelar under Festidalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

### **Uskedalen som bygd treng eit stort arrangement.**

**Dette kom klart fram på oppsummeringsmøte Uskedalen Utvikling hadde på Vertshuset etter avslutta sommarsesong**

Det var særleg Gunn Mari Moberg og Magne Huglen som målbar dette synet. Saka vart drøfta då det ikkje vart noko av Festidalen i 2010.

I omgrepet stort arrangement legg ein festival eller ei anna stor markering over 2 dagar. Aller helst ynskjer ein at Festidalen kjem på fote att, anten i si noverande form eller i ei forenkla utgåve. Rosendal har tre 'godkjende' festivalar med rett til kommunal festivalstøtte.

I tillegg kjem kulturprogrammet i Baroniet. Husnes har to festivalar. Klosterdagane på Halsnøy er redusert til ein dag.

I Sunnhordland er Skånevik Blues eit føredøme. Stord har sin Stordfest. Tynesfest er lagt til Våge, men med tilskipingar på heile øya. Uskedalen med si sentrale geografiske plassering treng noko meir enn det vi hari dag.

Aktivitetdagen med Solfjell Opp kan seiast å vera eit to dagars arrangement. På møte vart det sagt at grunna det store arbeidsomfanget vil ein plassera desse tiltaka på ulike helgar.



[Sjørøveri under Aktivetsdagen.](#) (Foto: Ola Matti Mathisen)

Temaet vert drøfta på møte seinare i haust, men uskedalen.no spør alt no om ditt syn i denne saka.

**Av Kristian Olav Bringedal**